



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2011

## Hovudutval for kultur



# **Innhold**

1.	Innleiring	side	3
2.	Hovudutval for kultur – politisk styring	side	4
3.	Budsjett og rekneskap	side	6
4.	Fylkeskulturprisen 2011	side	7
5.	Administrasjon	side	7
6.	Kulturutviklingstiltak	side	7
7.	Idrettsanlegg og lokale kulturygg	side	9
8.	Musikk	side	10
9.	Den kulturelle skulesekken	side	12
10.	Ungdom	side	13
11.	Utvikling av kulturminneverdiane	side	14
12.	ABM – Sogn og Fjordane	side	17
13.	Tusenårsstaden Gulatingsletta	side	18
14.	Fylkesbiblioteket	side	18
15.	Fylkesarkivet	side	19
16.	Fylkessenteret for musikkterapi	side	20

# 1. Innleiing

## Måloppnåing / resultatvurdering

Verksemda har vore styrt i tråd med kulturstrategien for perioden 2008 – 2011 med eige handlingsprogram for 2011 vedteke i HK sak 06/11. Hovudutval for kultur har det politiske ansvaret for kultur. I 2011 vart det handsama 68 ordinære saker fordelt på 9 møter.

Etter vedtekne endringar gjennom året enda nettobudsjett for kultursektoren på kr 58, 46 mill. i 2011.

Fylket hadde i 2011 tre knutepunktinstitusjonar. Fylkeskommunen gav i samsvar med gjeldande finansieringsavtale Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i alt kr. 8, 56 mill. i stønad. Avtalen utloyster kr. 24, 00 mill. frå staten og kr. 2, 80 mill. frå vertskommunane. Til saman utgjer dette kr. 35, 36 mill. i offentleg stønad.

Musea i Sogn og Fjordane fekk i 2011 kr. 11, 14 mill. i driftstilskot frå fylkeskommunen. Staten gav tilsvarande kr 23, 17 mill..

Sektoren forvalta om lag kr. 38, 2 mill. i statlege tilskot til annan kulturaktivitet i fylket (skulesekks, freda bygg, kystkultur, spelemidlar). Det er ein auke på kr. 1,2 mill. frå 2010.

Dei økonomiske og administrative verkemiddel har i aukande grad vorte dreia mot utvikling. Ulike tilskotsordningar og økonomiske bidrag skal vere med å utvikle det frivillige og profesjonelle kulturlivet i fylket.

Fylkeskommunen bidreg til å gjere lokalsamfunna betre å bu og leve i ved å gje barn og unge tilbod om gode aktivitetar og tilbod innan kultur. Gjennom tilskot og eigne satsingar prioriterer vi denne målgruppa i eit samspel med lag og organisasjonar. Sogn og Fjordane Idrettskrins fekk til dømes kr. 1,25 mill. i 2011 for å drive og utvikle gode idrettstilbod. Saman med spelemidlane som i 2011 var på kr. 23,14 mill. til anleggsutbygging, skapar desse midlane god grøbotn for aktivitet og sosial utvikling. Dette er ein liten auke frå 2010.

Strategiplan for Den Kulturelle Skulesekken og Strategisk plan for bibliotekutvikling som vart vedteke i 2010 vart i 2011 følgt opp med eigne handlingsprogram, jf.. HK- sak 07/ og HK- sak 08/11.

I 2011 var det 10 år sidan Den kulturelle skulesekken vart oppretta. Ordninga er no godt etablert. Alle elevane i grunnskule og vidaregåande skule får kulturopplevingar og rom for utviklande aktivitet innan scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og musikk. Jubileet vart markert med framsyningar med Candoco Dance Company.

Ungdommens kulturmønstring (UKM) er eit attraktivt arrangement. Det syner oss resultata av ei langsiktig utvikling og satsing på kulturarbeid for barn og unge. I 2011 vart fylkesmønstringa lagt til Operahuset på Nordfjordeid.

Fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval gir ungdom i Sogn og Fjordane god trening i politisk arbeid. Det årlege fylkestinget for ungdom vart avvikla i oktober. Ungdomspolitisk utval hadde 6 møter gjennom året.

Kulterkort for ungdom vart sett i verk i 2011. Allereie første året synes interessa for ordninga å vera stor.

Fylkessenteret for musikkterapi bidreg også til å nå ut til grupper som til dagleg har liten tilgang på kulturtilbod. ”Eldre og Kultur” som er eit forskings- og utviklings-samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen og Førde kommune. Gjennom prosjektet ”Mosaikk” vert det i samarbeid med kommunar og mottak gitt kulturtilbod til personar med flyktning- og asylsøkjarstatus.

Fylkesarkivet har ein stor del av sin aktivitet knytt til kulturformidling og bidreg aktivt til å utvikle nye tilbod, og nå nye grupper. Fylkesbiblioteket er inne i ei endring der dei i større og større grad driv bibliotekutvikling.

Det vart gjennomført plan- og designkonkurranse for fellesmagasin for musea i

Sogn og Fjordane og formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatinget.

Kommunal- og regionaldepartementet har i dei to siste åra lyst ut tilskotsordninga Bulyst. I Sogn og Fjordane har mange gode kulturtiltak vunne fram. I 2011 fekk 6 sokjarar frå vårt fylke positivt svar. 5 av desse kan knytast til kultur og fysisk aktivitet. Desse får no statleg og fylkeskommunalt tilskot. Dei vert kulturelle storsatsingar.

Fylkeskommunen har ei viktig oppgåve i arbeidet med å ta vare på kulturarven og bidra til at kulturmiljø kan gje både dagens og komande generasjonar kunnskap og opplevelingar. Det er eit mål for fylkeskommunen at kulturminna vert ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane i framtida. Dette har i 2011 skjedd gjennom arkeologiske registreringsundersøkingar, tilskot og arbeid med Freda bygg og anlegg, Fredingssaker, Kulturminne frå nyare tid, Kongevegprosjektet, Kystpilegrim Rogaland – Nidaros, Tilskot til fartøyvern og til Musea i Sogn og Fjordane. I 2011 sette ein og i verk arbeidet med fylkessoga gjennom ein avtale med Høgskulen i Sogn og

Fjordane. Norge har 7 stader innskrivne på UNESCO si verdsarvliste. To av desse ligg i Sogn og Fjordane. Kvernsteinsbroa i Hyllestad kan verte den tredje.

Det er gjennomført fleire konferansar/seminar/kurs for kulturaktørane i fylket. Denne aktiviteten vert ofta gjennomført i samarbeid med ulike samarbeidspartar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok i dei 3 internasjonale prosjekt THING, Coast Alive og EuropeanaLocal.

### Effektiviseringstiltak

Meir bruk av videokonferanse er eit miljøtiltak, og vil også gje innsparing i reisetid. I tillegg er det gjennomført tiltak for å betre kvaliteten på enkelttenester. Organisasjonen deltek i arbeidet med å bli betre på å handtere søknader om tilskot. Tenestene blir evaluerte årleg. For å hindre at søknader skal falle mellom stolar er det oppretta faste drøftingsmøte med andre avdelingar. På den måten skal søkerne bli kanalisiert dit dei passar best. Elektroniske søknadsskjema er tekne i bruk med gode resultat.

## 2. Hovudutval for kultur – politisk styring

Hovudutval for kultur har det politiske ansvaret for kultur. I 2011 vart det handsama 68 ordinære saker fordelt på 9 møter.

### Samansetjing av hovudutval for kultur fram til fylkestingvalet 2011:

Sissel Loen, H, leiar  
Harry Mowatt, Ap, nestleiar  
Gunnvor A. Sunde, Ap / uavhengig  
Randi Rønneklev Melvær, Sp  
Nils Gjerland, Sp  
Mari Andrea Ness, Sp  
Kåre Jarl Langeland, V  
Norunn Lunde Furnes, KrF  
Bjarne Holme, Frp

Varamedlemmer som har møtt:  
Heidi Merete Kjempenes, Sp

Karen Marie Hjelmeseter, Sp  
Solveig Norevik, Ap

### Samansetjing av hovudutval for kultur i den nye valperioden: (Frå oktober 2011)

Nils Gjerland, leiar  
Jan Olav Frelend, SV, nestleiar  
Torbjørn Vereide, Ap  
Eva Hage Solstad, Ap  
Anita Nybø, Sp  
Liv Stave, H  
Trude Brosvik, KrF  
Marit Barsnes Krogsæter, V  
Svein Hansen, Frp

Varamedlemmer som har møtt:  
Stig Ove Ølmheim, Frp

## Gjennomføring av møta

Hovudutval for kultur har i 2011 vore på kommunebesøk til Selje, Balestrand og Solund kommune. Under besøket i Solund var utvalet på båttur med synfaring på Utvær fyr. Ved foten av fyret vart møte sett, og sak 40/11 Kunstnarstipend 2011 vart handsama der. Utvalet var og innom Little Færøy på turen for orientering om Norsk Kystkulturakademi.

I samband med avviklinga av møta har hovudutvalet fått orienteringar om:

- Selje kloster og ruinprosjektet på Selja
- Norsk Kystkulturakademi
- Venner av Utvær
- Musikkorganisasjonane Balejazz
- Vestnorsk Jazzsenter
- BRAK
- Sogn og Fjordane Idrettskrins
- Fartøyvern og veteranskipa M/S Atløy og D/S Stavenes

Aktuelle fylkestingssaker frå kultursektoren:

- Avtale om produksjon av fylkessoge for Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane 250 år
- Fylkesjubileet 2013
- Grunnlovsjubileet 2014
- Nominasjon av kvernsteinsbrota i Hyllestad til UNESCO si verdsarvliste.  
Intensjonserklæring og avgrensing av område
- Handlingsprogram for kultursektoren 2011
- Handlingsprogram – strategisk plan for bibliotekutvikling
- Handlingsplan DKS 2010 – 2014
- Kulturmøte for ungdom – retningslinjer og fordeling av tilskot
- Kulturmidlar 2011 – diverse løyvingar til kulturorganisasjonar og tiltak
- Kulturutviklingsmidlar 2011
- Statleg tilskot til freda bygg 2011
- Tilskot til fartøyvern 2011
- Spelemidlane 2011 – fordeling av spelemidlar til nærmiljøanlegg, ordinære anlegg og kulturbygg
- Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg – oppstart av arbeidet med nye fylkeskommunale retningslinjer
- Innspel til arbeid med stortingsmelding om kultur og inkludering
- Kulturløftet 2014 – innspel til regjeringa
- Luster kommune – Ormelid – forslag om freding
- Freding av statens kulturhistoriske eigedomar
- Tilskot til forprosjekt for vedlikehaldsarbeid på Kystmuseet sine bygg i Florø
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum – vedtektsendring
- Budsjett 2012 – økonomiplan 2012-2015
- Oppnemningar til styre, råd og utval for valperioden
- Kandidat til den nasjonale frivilligprisen 2011

Saker som har vore handsama i hovudutval for kultur i 2011:

### 3. Budsjett og rekneskap

I 2011 brukte fylkeskommunen kr. 58,82 mill. kroner netto til kulturføremål. I tillegg kjem prosjektretta tiltak gjennom ekstern finansiering. Oversikta viser fylkeskommunen sitt bidrag til

ulike deler av kulturlivet i 2011. Kulturavdelinga sitt løns- og driftsbudsjett og hovudutval for kultur er lagt til forvaltning og er ikkje med i tabellen.

TENESTE	B-2010 netto	R-2010 netto	B-2011 Netto	R-2011 netto
Tilskot til lag og organisasjoner	8446	8407	10 940	10800
Utviklingstiltak	3600	3596	3 500	3446
Bibliotekføremål	5727	5788	5 827	6412
Arkivføremål	5223	5251	7 426	7550
Museum og kulturminnevern	14617	14537	13 247	13247
Knutepunktinstitusjonar	8149	8159	9 149	9159
Kulturformidling	7953	8098	8 368	8202
<b>Samla</b>	<b>53 715</b>	<b>53 836</b>	<b>58 457</b>	<b>58816</b>

Statlege/eksterne tilskot forvalta av hovudutval for kultur er ikkje vist i tabellen over. I 2011 utgjorde dette kr. 38,2 mill. knytt på følgjande område:

Freda bygg og anlegg	4,4 mill. kr.
Kystkultur	1,8 mill. kr.
Fartøyvern	0,1 mill. kr.
Verdsarv	1,7 mill. kr.
Den kulturelle skulesekken	5,7 mill. kr.
Spelemidlar	22,8 mill. kr.
Lokale kulturbrygg	1,7 mill. kr.



Undredal kyrkje

#### Tilskot til frivillig arbeid

Tabellen under viser hovudutval for kultur si fordeling av kr. 10,940 mill. i tilskot til lag og organisasjoner, kulturtiltak og eigne tiltak i 2011. I oversynet ligg det inne løyingar til Førdehuset, Fjalerhallen og MGP i Florø på totalt kr. 4,350 mill. Tilskotsmidlane vert lyst ut med søknadsfrist 15. januar. Tilskota vart fordelt slik:

Fylkesdekkande kulturorganisasjonar	2,94 mill. kr.
Festivalar	0,68 mill. kr.
UKM/UPU	0,70 mill. kr.
Arrangement/ymse tiltak	2,90 mill. kr.
Kunstnarstipend	0,12 mill. kr.
Kulturhus	3,60 mill. kr.
SUM	10,94 mill. kr.

Kulturmidlane er eit viktig bidrag til ulike kultursatsingar i fylket og søknadsmassen var stor i forhold til disponibele midlar. Løyvinga til organisasjonar og større tiltak var i 2011 på same nivå som tidlegare år. Ved fordelinga vart det lagt vekt på føringar frå kulturstrategien med hovudprioritering på kulturaktivitet til barn og unge. Tilskot til aktivitet vart prioritert framfor drift

## 4. Fylkeskulturprisen 2011

Fylkeskulturprisen 2011 vart tildelt Kari og Claus Kvamme for arbeide med Bokbyen i Fjærland. Prisen var på kr. 50 000.- og eit diplom som vart overrekt prisvinnarane på Fylkestinget i desember.

## 5. Administrasjon

Kultursektoren i fylkeskommunen femner om kulturavdelinga og dei tre kulturinstitusjonane Fylkesbiblioteket, Fylkessenteret for musikkterapi og Fylkesarkivet. Kulturavdelinga er organisert i fire ulike basisteam. Desse er: team for administrasjon, team for kulturminne, team for almen kultur og ABM Sogn og Fjordane.



Fylkesdirektøren følgjer kulturinnslag i Aurland



Fylkeskulturprisvinnarane Foto: Gaute D. Bøyum/ SFJ.

I 2011 var det 29 personar fast tilsett ved kulturavdelinga. 6 personar var i 2011 inne som vikarar på grunn av permisjonar. Ved fylkesarkivet er det tilsett 11 personar, medan 8 personar har sitt virke ved Fylkesbiblioteket. 2 personar arbeidar ved Fylkessenteret for musikkterapi. Storparten av dei tilsette har 100 % stilling.

## 6. Utviklingsarbeid

Utviklingsperspektivet er førande for all aktivitet i kultursektoren. Mykje av innsatsen er knytt til rettleiing til kommunar, organisasjonar og andre aktørar som arbeider lokalt/regionalt.

### Utviklingsmidlar

Midlane til utviklingsarbeid går til sokjarar som gjennom prosjekt og satsingar ønskjer å bidra til nyskapning og utvikling, samt å fremje og utvikle spennande og dristige kultursatsingar. Midlane må vere ein del av ei felles satsing der og andre finansieringskjelder vert nytta. Det er sett krav om at tiltaka må halde høgt kvalitatittivt nivå. Målsettinga er at fylkeskommunen saman med

lokale, andre regionale, statlege og private aktørar elles, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i Sogn og Fjordane.

I 2011 vart det gjeve kr. 3, 5 mill. i tilskot til kulturutviklingstiltak fordelt på 37 prosjekt. Av dette var 18 nye prosjekt og 9 vidareførte frå 2010. 4 av desse er fylkeskommunale: Kulturkort for ungdom, Stipendordning, Coast Alive og Fartøyvern. 5 søknader fekk avslag.

Dei innkomne søknadane viser stor variasjon i innhald, omfang og geografisk plassering. Nokre har høg grad av nyskapning og utvikling i seg,

medan andre legg vekt på historiske, pedagogiske og andre formidlingsformer i sine uttrykk. Fleire av tiltaka kan sjåast på som næringsutvikling, eller ligg i grensa mellom kulturutvikling og samfunns- og næringsutvikling. Samla viser omfanget og innhaldet eit omfattande samfunnsbidrag i vår region, og ein ser at utviklingstiltak innan kultur er ein sterk bidragsytar til lokal samfunnsutvikling.

### **Coast Alive**

Coast Alive er eit interregprosjekt som legg vekt på å bruke turløyper i folkehelse-arbeidet, småskala etableringar knytte til turløyper og klimaendringar sine følger for kulturminna våre. Noreg, Sverige, Danmark, Nederland og Storbritannia deltek. Hordaland fylkeskommune som prosjektleiar.

### **Kultatkort for ungdom**

Det vart i 2011 etablert kultatkort for ungdom innanfor ei fylkeskommunal ramme på kr. 1 mill. I tillegg vart vi tildelt kr. 100 000,- frå Kulturdepartementet. Ordninga er ei tre årig prøveordning og skal evaluerast etter dei tre åra. Retningslinjer vart utarbeida og vedtekne. Kultatkort for ungdom vart lyst ut to gonger i 2011, 15. mars og 1.sept. 20 sökjrarar fekk løvningar i 2011 mens 7 fekk avslag.

### **Regional planstrategi -kultursektoren**

I samband med utarbeiding av regional planstrategi er det starta eit utviklingsarbeid der overordna utfordringar og strategiar innan kultur vert utpeika. Det er gjennomført eit dialogmøte med regionale aktørar innan kulturfeltet samt kommunane i fylket. Det er 2 arbeidsområder som peiker seg ut som hovudutfordringar for kulturarbeidet i fylket frametter, Det frivillige arbeidet sitt kår i Sogn og Fjordane og kultur som næring.

### **Bulyst**

Kommunal- og regionaldepartementet har i dei to siste åra lyst ut tilskotsordninga Bulyst. I Sogn

og Fjordane har mange gode kulturtiltak vunne fram og fått statleg og fylkeskommunalt tilskot.

Preform i Fjaler har fått midlar til å vidareutvikle eit fagmiljø som gjer kunstprodusentane i Fjaler attraktive for den nasjonale og internasjonale marknaden. Ein skal skape infrastruktur for kunstprodusentar i Fjaler, utvikle og ta i bruk modellar for rådgjeving til kunstprodusentar i distrikta og å styrke Fjaler sitt omdømme.

Prosjektet Huset i Bygda, eigd av Sogn og Fjordane ungdomslag skal utvikle dei organisasjonseigde kulturbygga til å verte kulturelle fyrtårn i lokalsamfunna, for å skape aktivitet, kreativitet, glede og bulyst.

Saman med VAKN-prosjektet som fekk bulystmidlar i 2010 er dette eit variert utval av prosjekt som testar ut kultur som næring på ulike måtar. Erfaringane ein skaffar seg gjennom desse prosjekta vil kome kultursektoren i Sogn og Fjordane til gode på sikt.

Prosjektet «Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremsport,» «Ungdomsprosjekt i Lærdal,» «Bu i Stryn» og Solund Kommune fekk og tilskot gjennom denne ordninga.

### **Film**

Vestnorsk Filmsenter sin treårige samarbeidsavtale med fylket gjekk ut i 2011. Det syner seg at interessa for å skape og nytte film som kulturoppleving er stor og aukande. Samarbeidet vert ført vidare.

### **Fylkesjubileet 2013**

Fylkestinget har sett ned ein komité for markeringa av Sogn og Fjordane 250 år. Fylkesordføraren leiar komiteen som elles har med leiar i hovudutval for kultur, KS-leiar, Fylkesmann og ein rep for kyrkja.

### **Grunnlovsjubileet 2014**

Fylkestinget har peika på at tusenårsstaden Gulatingset må løftast inn mot den nasjonale markeringa for å vise dei demokratiske styringstradisjonane i Norge som går mykje lenger tilbake enn til Grunnlova og 1814.

## 7. Idrettsanlegg og lokale kulturbygg

### Samling med kommunane

Kulturavdelinga arrangerte hausten 2011 ei felles dagsamling om spelemiddelordninga for kommunane. Hovudtema var idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg. Kulturdepartementet og Lotteritilsynet deltok på samlinga og informerte om høvesvis idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og momskompensasjon. Av 26 kommunar møtte 22 på samlinga. Frå kommunane. Målet med samlinga var å auke kommunane sin kompetanse på handsaming av spelemiddelsøknader, særskilt i høve til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av idrettsanlegg.

### Kommunale planar:

7 kommunar, Balestrand, Bremanger, Eid, Leikanger, Luster, Selje og Solund, har revidert sine kommunale planar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i 2011. Eid, Luster, Leikanger og Selje vil truleg få godkjent sin planar tidleg i 2012. Det betyr at 20 av 26 kommunar har godkjend plan innan utgangen av 2011. Bremanger og Årdal kommune har ikkje godkjende planar.

### Spelemidlar:

Dei siste åra har kvaliteten på spelemiddel-søknadane auka. Talet på underkjente søknadar er redusert. I 2011 vart 19 av 135 søknader til ordinære anlegg underkjende, dvs. ca. 14 % av søknadane. I 2010 var talet 21 %.

Opplæringa vi har prioritert å gje kommunetilsette dei siste åra er ein av grunnane til at færre søknader vert underkjende no. Likevel er det framleis eit stort potensiale i å betre kvalitetssikringa i kommunane. Dette ser ved at mange søknadar må rettast på etter at dei er komne inn til fylkeskommunen. Dette krev fleksibilitet og er arbeidskrevjande. Ei ytterlegare betring vil difor verka effektiviserande. Det gjer vi ved å halde fram med tilbod om kurs og samlingar.

### Tilskotsordningane – spelemidlar

#### Nærmiljøanlegg, forenkla ordning:

Denne stonadsordninga har ikkje fast søknadsdato, og ein kan sende søknader heile året. Tilskotsordninga er for mindre aktivitetsanlegg, med kostnad under kr. 80 000.- Tildeling av midlar skjer administrativt. Gjennom 2011 har vi motteke 8 søknader, og innan årsskiftet har 6 av desse har fått tildeling av midlar. Rammetilskotet frå staten var i 2011 på kr 344 000.-

#### Ordinære nærmiljøanlegg

Det kom inn 28 søknader, 25 av desse vart godkjende. Dette er 10 søknader mindre enn i 2010. Samla godkjend søknadssum var kr. 4 909 000.- Det er kr. 1 380 000.- mindre enn i 2010. Rammetilskotet frå staten var kr 2 000 000.- Dette vart fordelt på 10 prosjekt. I tillegg vart det fordelt kr. 400 000.- av rentemidlar til 2 søknader. Totalt vart det tildelt tilskot til 12 søknader. Kvart fylke får ein lik prosentdel til nærmiljøanlegg. I 2011 fekk fylket 40,5 % av innmeldt behov. I 2010 var prosentdelen 47,5 % av innmeldt behov. Bakgrunnen for nedgangen er at omfanget er redusert frå kr. 70 mill. i 2010 til kr. 52 mill. i 2011.

#### Ordinære idrettsanlegg

Til denne stonadsordninga kom det inn 135 søknader. Det er ein auke på 15 søknader frå året før. Desse hadde ein samla godkjend søknadssum på kr. 100 942 000.- som vart kr. 5 856 000.- høgare enn i 2010. Rammetilskotet frå staten var kr. 20 797 000.- Rammetilskotet, rentemidlar a kr. 205 000.- og kr. 779 000.- av inndregne midlar vart fordelt på 30 prosjekt.

Tildelinga til 13 av desse prosjekta var styrt av fylkesdelplanen, og 17 var styrt av kommunale planar. Tildelingsprosenten frå staten var 20,6 % av innmeldt behov. Dette er 0,7 % høgare enn i 2010. Med ein samla godkjend søknads sum på kr 100 942 000.- og eit rammetilskot på kr 20 797 000.- er gjennomsnittleg ventetid framleis 5 år. Det er noko lenger ventetid på anlegg som

vert styrt av Fylkesdelplanen. Fylkesdelplanen har fastsett ei fordeling på ca. 70 % av ramma til anlegg styrt av fylkesdelplanen og ca. 30 % til anlegg styrt av kommunale planar. I 2011 utgjorde anlegg styrt av fylkesdelplanen 74,4 % av ramma, og 25,6 % vart tildelt anlegg styrt av kommunale planar, mot 75,3 % av og 24,7 % i 2010.

#### Kulturbrygg, desentralisert ordning:

Det kom inn 15 søknader til denne stønadsordninga i 2011. 5 søknader kunne ikkje

godkjennast for tilskot. Samla godkjend søknadssum var kr. 2 359 570.-. Rammetilskotet frå staten var kr. 1 715 722.-

Rammetilskotet, inndregne midlar på kr 20 000.- og rentemidlar på kr 21 714.- vart fordelt på 5 prosjekt. Den regionale tilskotsordninga er frå 2010 overført til fylkeskommunane. Forventa auke i tilskotet kjem frå 2013.

## 8. Musikk

### Fylkesmusikarordninga

Fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane har eksistert sidan 1989. I 2011 hadde ordninga 5 tilsette fordelt på 360 % stillingsressursar.

Fylkesmusikarane driv utøvande verksemd og instruksjon. Dei har faste brukarar innan både offentleg, privat og friviljug sektor. I 2011 gjennomførte musikarane ei rekke ulike tiltak og prosjekt, både faste instruksjonsoppdrag, turnear og undervisning

Målsetjinga til fylkesmusikarordninga er å ta vare på å vidareutvikle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane. Ei slik målsetjing dannar eit viktig grunnlag for å ivareta den immaterielle kulturarven vår, og rettar samstundes blikket framover slik at også nye brukargrupper skal kunne få ta del i detterike kulturfeltet.

Innsatsen som tradisjonsberarar og formidlarar har ført til ein stabil tilvekst på yngre, dyktige folkemusikkutøvarar frå Sogn og Fjordane som har markert seg i ei rekke ulike samanhengar. Den yngre generasjonen folkemusikkutøvarar har i større og større grad markert seg både nasjonalt og internasjonalt gjennom utmerkingar og priser. Det er gledeleg for fylkeskommunen å ha medverka til denne utviklinga.

### Skulekonsertordninga

Rikskonsertane si skulekonsertordning utgjer musikkdelen i Den kulturelle skulesekken, forankra i avtale mellom Rikskonsertane og fylkeskommunen.

Ei viktig målsetjing for skulekonsertane er å skape gode musikalske møte mellom profesjonelle utøvarar og skuleborn. Rikskonsertane si målsetjing med denne konsertverksemda er ”*å berøre, overraske og begeistre*”.

I 2011 vart det gjennomført 6 skulekonsertturnear i fylkeskommunen sin regi, og tilsvarande 6 produksjonar i regi av Rikskonsertane

### Kombinerte turnear

Benedicte Maurseth Trio var også med på eit pilotprosjekt i samarbeid med Rikskonsertane i samband med at ein vil prøve å nå ut til andre målgrupper med musikarar som er på skulekonsertturnear i fylket. Trioen hadde soleis konsertar på asylmottaket i Jølster, fengselet i Vik og på Lærdal sjukehus samstundes med at dei var på skulekonsertturné.

## **Samarbeid med lokale arrangørar**

Fylkeskommunen har i mange år samarbeidd med lokale arrangørar om å tilby konsertar med skulekonsertutøvarar når desse likevel har vore på turné i fylket. I september 2011 arrangerte kulturavdelinga i samarbeid med Trivselshagen på Sandane konsert med den skotske gruppa Rachel Hair Trio.

På konserten var også danselina ved Firda vidaregåande skule. Dei vart utfordra til å lage ein koreografi til ein av dei skotske låtane, ei oppgåve dei unge dansarane loyste på ein framifrå måte. Dette samarbeidet var også initiert av kulturavdelinga.

## **Samarbeidet med Rikskonsertane om barnehagekonsertar**

Våren 2011 produserte fylkesmusikarane Synnøve S. Bjørset og Elin Grytting eit nytt barnehageprogram. ”Røysekattrumpa og dei knisande geitene” vart til i samarbeid mellom fylkeskommunen og Rikskonsertane.

Hausten 2011 vart enno ein nyproduksjon sendt ut, ”Med huldre og troll i dur og moll” med Unni Løvlid.

## **Distriktsmusikarordninga**

Fylket sine 15 distriktsmusikarstillingar dekkjer eit stort spekter av instrument og er med på å sikre musikklivet i fylket tilgang på profesjonelle utøvarar.

Distriktsmusikarane har medverka i fleire større og mindre musikkprosjekt i 2011, både i eigen regi og i samarbeid med andre kulturaktørar, som t.d. Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane symfoniorkester.

Fylkeskommunen har som målsetjing å styrke kompetansen til distriktsmusikarane. I november gjennomførte fylkeskommunen ein inspirasjonsdag for alle distriktsmusikarane og folkemusikarane med fokus på kultur og eldre.

## **Fylkeskvoten**

I samsvar med samarbeidsavtalen med vertskommunane for distriktsmusikarordninga, disponerer fylkeskommunen 10 dagar pr. distriktsmusikar pr. halvår. Denne ressursen vert nytta til større prosjekt av meir fylkesfemnande karakter. Ulike arrangørar i fylket kan søkje om å få nytte distriktsmusikarane til større fylkesdekkande prosjekt. I 2011 vart fylkeskvoten nytta til m.a. Sogn og Fjordane symfoniorkester og Opera Nordfjord.

## **Sogn og Fjordane symfoniorkester**

Sogn og Fjordane symfoniorkester har hatt konsertar også i 2011. Etableringa av fylkesorkesteret var eit samarbeid mellom Norsk Kulturskuleråd, fylkeskommunen og distriktsmusikarordninga. Orkesteret har no etablert seg på permanent basis i fylket. Symfoniorkesteret utgjer ein viktig arena for samspel mellom profesjonelle musikarar og amatørar.

## **Bergen Filharmoniske orkester**

Fylkeskommunen, Førde kommune, Gloppen kommune og Sogndal kommune har avtale med Bergen Filharmoniske orkester om konsertar i Sogn og Fjordane. Desse konsertane held eit svært høgt nivå og er eit viktig tilskot til musikklivet i fylket. Særskilt Nyttårskonserten er eit populært arrangement. I 2011 starta vi eit samarbeid med BFO der skuleelevar førebur seg særskilt til utvalde konsertar gjennom eit eige pedagogisk opplegg.

## 9. Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken har tilbod til om lag 15 000 elevar i grunnskulane i fylket. Alle elevane fekk 3 – 4 tilbod. DKS har tilbod fordelt på scenekunst, dans, visuell kunst, litteratur, kulturarv og film.

I vidaregåande opplæring dekkjer tilboden alle elevar i vg2 og vg3, samt første års lærlingar. Alle fylkeskommunale skular er no med i ordninga. Den private skuler Sygna fekk tilbod om å vere med i 2011, men takka nei. I 2011 hadde vi samarbeid med Sogn og fjordane teater, som spelte stykket «Få meg på, for faen» for alle vg2-elevane i fylket.

Første-års lærlingar får kulturtilbod i samband med regionvise lærlingsamlingar i februar.

### **DKS 10 år – Candoco Dance Company**

Våren 2011 gjennomførte DKS i Sogn og Fjordane den største satsinga så langt. Då hadde vi fem framsyningar med Candoco Dance Company for alle elevar på vg2.

Kompaniet frå London var eit av dei første i verda som integrerte dansarar med ulike funksjonshemmingar. I alt talde kompaniet 12 personar som var i fylket i 17 dagar. I tillegg til framsyningane samarbeidde vi m.a. med Norsk forbund for utviklingshemma og Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi for å få til danseverkstader der utviklingshemma deltok, - m.a. under Kulturfestivalen for utviklingshemma i Førde.

### **Heimeside - KSYS**

Nettportalen [www.sfj.ksys.no](http://www.sfj.ksys.no) er den viktigaste reiskapen både for kontakt og informasjon mellom skulane, kommunane, fylkeskommunen og dei ulike utøvarane. Denne inneholder både generell informasjon, informasjon om dei ulike tilboda og detaljar knytte til tilboden for den enkelte skulen.

Kvar skule har eigne sider på denne portalen og alle vert oppmoda om å ta i bruk materiellet som

er tilrettelagt i samband med turneane. Gjennom portalen er det også høve til å gje tilbakemelding når ein har hatt eit tilbod.

### **Konferansar**

I mars vart det arrangert dagskonferanse for kultursjefar, kulturleiarar, tenesteleiarar og kulturkontaktar for DKS i kommunane.

Strategiplanen for DKS og handlingsplan for 2010- 2014 vart presentert. Det var lagt opp til dialog rundt planar og rapportering for DKS.

Årets DKS-konferanse markerte DKS som ordning for skulane i landet i 10 år. Konferansen er for alle som arbeider med eller er interessert i DKS, men også i år var det flest kulturkontaktar som deltok. Arrangør var som tidlegare fylkesmannen og fylkeskommunen v/kulturavdelinga og opplæringsavdelinga.

### **Vurdering**

DKS er ei god og viktig ordning og medverkar til at born og unge får eit profesjonelt kunst- og kulturtildel. Gjennom 10 år er ordninga no godt etablert og alle skular i alle kommunar tek imot fleire framsyningar pr. år. Trass i dette ser vi mykje som kan bli betre i åra som kjem:

- Kontakten mellom skulane og DKS bør utviklast og gjerast betre.
- Den årlege konferansen er eit viktig kontaktpunkt og det er eit mål å betre oppslutninga om og innhaldet i denne.
- DKS skal vere synleg – både på skulane og i samfunnet generelt.
- Det er ei utfordring å gje god oppfølging til kulturkontaktane og motivere alle tilsette i skuleverket til dette viktige kultur- og danningsarbeidet.
- Tilboden til vidaregåande skular har ikkje så stort omfang som i ein del andre fylke. Det er eit mål å utvide dette.
- Samarbeidet mellom DKS, UKM og kulturskulane bør utviklast og forbetraast.

# 10. Ungdom

## UKM

Kulturavdelinga står som arrangør av Ungdommens Kulturmønstring, UKM. UKM viser breidda av ungdomskulturen i Sogn og Fjordane. Ungdomar frå heile fylket deltek på denne mønstringa. Kvaliteten på innslaga er jamt over svært høg. Det er kvart år om lag 400 ungdom i alderen 10 til 20 år som deltek på fylkesmønstringa.

Operahuset Nordfjord, sto som arrangør av fylkesmønstringa. Mønstringa inneholdt 4 sceneframsyningar, kunstutstilling og videoproduksjonar. NRK dekka alle fire framsyningane og sende dei direkte på NRK Nett TV.

Under fylkesmønstringa valde ein jury ut om lag 20 ungdomar som representerete Sogn og Fjordane på landsmønstringa i Trondheim, 24. – 28. juni.

Frå UKM festivalen i Trondheim vert det av og til plukka ut innslag som får representerere Norge internasjonalt. Via Musikk og ungdom fekk bandet Meanwhile at Firda Billag frå Fjaler, tilbod om å representerere Noreg og Europa på festivalen Music Crossroads International i Mozambique, Afrika.

## Ungdomspolitisk utval (UPU)

Kulturavdelinga har sekretariatsansvar for ungdomspolitisk utval og tek saman med dei ansvar for gjennomføring av eit årleg Fylkesting for ungdom.

UPU er sett saman av ungdom frå heile fylket.. UPU prioriterer å knytte tett og god kontakt med ungdomsråda i kommunane. Utvalet har oppretta ei eiga opna side på Facebook. Det vart arrangert ein nettverkskonferanse for ungdomsråda der det vart gjeve opplæring i tale-, møte- og debatteknikk og mediahandtering.

UPU består av fem medlemar og varamedlemar. Desse vert valde på fylkestinget for ungdom

(FFU) og valperioden er på to år for medlemar og eitt år for varamedlemar. Kvart medlem har ansvar for ungdomsråd i inntil 5 kommunar, dei skal ha javnleg kontakt med desse gjennom året. UPU har utarbeidd eit politisk- og organisatoriske måldokument som ligg til grunn for arbeidet deira. UPU arbeider etter fullmakt frå Fylkesting for ungdom. Desse vart valde inn i ungdomspolitisk utval under fylkestinget for ungdom 30. oktober 2011:



(Foto: Miriam Søgnen Haugsbo/SFJ)

Bak frå venstre: Dag Henrik Nygård, Sondre Leivdal, Joakim Sunde Fossheim, Helge Evensen Bjørkum. Framme frå venstre: Amanda Solvåg, Ingrid Hugøy, leiar Benjamin H. Heimset, Sandra Brattelid, Ingrid Øien. Nestleiar Vilde Tøfte Øvstetun er ikkje med på biletet.

## Fylkesting for ungdom

Fylkesting for ungdom vart arrangert i fylkestingsalen på Hermansverk 29.-31. oktober. Her møtte om lag 40 delegatar frå kommunale ungdomsråd og fylkesorganisasjonar og om lag like mange observatørar. Representantar frå ungdommens fylkesting i Møre og Romsdal og Hordaland var gjester og mange av dei nye politikarane møtte opp., Fylkeskordførar, Åshild Kjelsnes ønskte velkommen, og deltok under tingseta. Diskusjonstema var kommunesamanslåing med innleiar Liv Signe Navarsete, Anonym retting av prøver med UPU sin Vilde Tøfte Øvstetun som innleiar, Ungdomsråda sin rolle i kommunane med Karianne Torvanger og til slutt Stemmerett for 16 åringer ved Knut Henning Grepstad.

## 11. Utvikling av kulturminneverdiane

Fylkeskommunen har ei viktig oppgåve i arbeidet med å ta vare på kulturarven og bidra til at kulturmiljø og kulturmiljø kan gje både dagens og komande generasjonar kunnskap og opplevingar.

I den fylkeskommunale kulturstrategien er eit av måla i kulturpolitikken å skape entusiasme og oppslutning om kulturminne og kulturmiljø. Dette er også eit viktig mål i den nasjonale kulturminnepolitikken, som legg vekt på at kulturminna skal vere med på å skape verdiar i levande lokalsamfunn (St. meld. Nr. 16-2004/2005). Det er eit mål for fylkeskommunen at kulturminna vert ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane i framtida.

Gjennom søknadsmidlar frå Riksantikvaren blir viktige kulturminneoppgåver innanfor arkeologien heilt eller delvis finansiert med eksterne midlar. Det omfattar arbeidet med BARK (bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne), kvalitetssikring av kulturminnedatabasen Askeladden, georadarundersøkinga på Ålhus og ruinprosjektet på Selja.

### Arealplanar

I løpet av året har eit større tal med arealplanar blitt handsama etter Plan- og bygningslova, Energi- og vassdragslova og Lov om kulturminne. Dette er i stor grad reguleringsplanar, kommuneplanar og dispensasjoner frå kommuneplanane og konsesjonssaker. Kulturavdelinga opplever i stor grad å vere involvert i større og lengre planprosessar, nokre av desse kan strekkje seg over fleire år. I 2011 har handsaminga av delstrekningar på kraftlinjetraseen Fardal-Ørskog vore ein av desse.

### Arkeologiske registreringsundersøkingar

Registreringar ved fylkeskommunen har avdekkat at gardsbusetnaden i Jølster var etablert alt i bronsealder. På skuleplassen ved den nedlagte skulen på Vereide i Gloppen vart det avdekkta 12

strukturar, hovudsakleg graver og kokegrøper. Utgraving har vist at det var i bruk i yngre bronsealder – eldre jarnalder, men ikkje nyttat etter Kristi fødsel. Det er no også dokumentert jarnalders gardsbusetnad i Vågsvåg i Vågsøy. Ved Holmedal i Askvoll har det blitt arbeidd med nyoppdaga sjeldne buplassar frå steinalder, ei gravrøys og aktivitetsstad frå jarnalder. Det vart dokumentert steinalderbusetnad ved Dingja i Gulen. På Indre Bø i Stryn kommune vart det på nordsida av Rv 15 avdekkta ei rekkje stolpehol, som syntet seg å representere seks mindre langhus. På nedsida av riksvegen vart det i 2010 funne to større førhistoriske naust. Funna på Indre Bø i Stryn er eit unikt døme på førhistorisk busetnad med tilhøyrande naust her i fylket.

Fylkeskommunen var oppdragsgjevar for NIKU (Norsk institutt for kulturminnesforsking) og fekk gjennomført georadarundersøking på marka ved ruinene på Ålhus i Jølster.

### Kulturminnedatabasen Askeladden

Fylkeskommunen arbeider systematisk med kvalitetssikring av kulturminnedatabasen Askeladden. I 2011 vart det lagt vekt på kartfesting av arkeologiske lokalitetar frå dei omfattande undersøkingane i Lærdalsfjella på seinest 1960/tidleg 1970-tal. Databasen er GIS-basert. Ei publikumsutgåve av Askeladden, Kulturminnesok.no, er tilgjengeleg for publikum. Sameis er kartinformasjonen tilgjengeleg på Fylkesatlas.no, fylkeskommunen og fylkesmannen si felles kartteneste for fylket.

### Freda bygg og anlegg

Sogn og Fjordane har totalt 205 freda bygningar fordelt på 92 eideomar. 175 bygningar er vedtaksfreda, fylkeskommunen har forvalningsansvar for dei vedtaksfreda byggja i privat, kommunal og fylkeskommunal eige. Fylkeskommunen tek årleg i mot statleg tilskot til restaurering og vedlikehald på freda bygningar og anlegg

I 2011 kom det inn søknad om kr. 12, 55 mill. i tilskot til freda bygg og anlegg mot kr. 19, 37 mill. i 2010 og kr. 4, 10 mill. til kystkultur mot kr. 6, 2 mill. i 2010.

Fra Riksantikvaren vart det løyvd kr: 4, 5 mill. til freda bygg (4, 4 mill. i 2010), og kr. 1, 8 mill. til kystkultur (2, 0 mill. i 2010).

Tilskota til fredag bygg vart fordelt på fem restaureringsprosjekt i fylket. Tilskotet til kystkultur vart fordelt på to restaureringsprosjekt. I 2011 har fylkeskommunen valt å satse på dei store istandsetjingsprosjekta i fylket som eit ledd i å nå det nasjonale målet om at alle freda bygg skal ha eit ordinært vedlikehaldsbehov innan 2020.

Fylkeskommunen yter fagleg råd og rettleiing i vedlikehaldsarbeidet til eigarar av freda bygg. I 2008 vart det tilsett ein eigen restaureringsleiar i ei treårig prosjektstilling finansiert med midlar fra Riksantikvaren. I 2011 vart prosjektstillinga gjort til ein fast stilling, noko som sikrar eigarane god bistand i forhold til vedlikehald og istandsetting av sine hus.

Dei prioriterte prosjekta er Yris hotell i Eid kommune, hovudhuset på Sveen i Gaula kommune, eldhuset på futegarden på Bruland i Førde kommune, sjøbu på Rugsund i Bremanger kommune og Hagevik tønnefabrikk i Vågsøy kommune. Det er og gjort ei arbeid på Bispestove i Lavik. Kystmuseet i Sogn og Fjordane har starta opp eit større prosjekt med istandsetting av sjøbua på Vågsberget i Vågsøy. Prosjektet har i 2011 vert følgt opp av restaureringsleiar.

### **Fredingssaker**

Ved årsstart hadde fylkeskommunen tre uavslutta fredingssaker, garden Ormelid i Luster, Handels- og gjestgjevarstaden Vågsberget i Vågsøy og garden Osmundnes i Gloppen.

Fylkeskommunen avslutta sitt arbeid med fredingssaka på garden Ormelid i mai og Riksantikvaren gjorde vedtak om freding i august. Hausten 2011 vedtok Riksantikvaren freding av Handels- og gjestgjevarstaden

Vågsberget i Vågsøy kommune. Fredingssaka av Osmundnes er sendt til Riksantikvaren for vedtak.

### **Prosjekt fredingsgjennomgang**

Gjennom prosjektet «Fredingsgjennomgangen» har ein gått igjennom alle dei vedtaksfreda bygningane i fylket som vart freda før 1979. Prosjektet har vore finansiert med midlar fra Riksantikvaren. Resultatet av prosjektet vert sendt Riksantikvaren innan 1. mars 2012. Fredingssakene er ferdigstilt fra fylkeskommunen si side.

### **Verdsarv**

Norge har 7 stader innskrivne på UNESCO si verdsarvliste. To av desse ligg i Sogn og Fjordane. Dette er Urnes stavkyrkje og Nærøyfjorden (del av Vestnorsk Fjordlandskap). I tillegg vart kvernsteinsbroa i Hyllestad nominert til verdsarvlista i november 2010 gjennom at Noreg samarbeider med fem andre land om å få skrive inn kulturminne og stader fra vikingtid på UNESCO si verdsarvliste. Kvernsteinsbroa i Hyllestad er del i den transnasjonale serienominasjonen av «Viking Age Monuments and Sites» der til saman åtte forskjellige stader fra seks forskjellige land er nominerte. Desse strekker seg fra Nord-Atlanteren i vest til Austersjøen i aust, og representerer samansette og mangfoldige uttrykk fra vikingtida. Frå Norge er også skipshaugane i Vestfold nominerte.

I 2011 har fylkeskommunen vidareført arbeidet med forvalningsplan for området rundt Urnes stavkyrkje. Arbeidet skal ferdigstilla i 2012. Fylkeskommunen tek årleg i mot statlege tilskot til restaurering og sikring av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, til vidarefordeling mellom sokjarane. Fylkeskommunen fekk i 2011 kr. 1 785 000.- til ulike prosjekt i verdsarvområdet.

### **Kulturminne frå nyare tid**

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i arbeidet med å fremje heilskapleg forvaltning av

kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i heile fylket. Kulturminne frå nyare tid, dei etterreformatoriske kulturminna, er spesielt talrike. Arbeidet med å få fram gode arealplanar er med på å legge eit godt grunnlag for at fleire av desse kulturminna og omgjevnadane rundt kan takast vare på. Område og bygningar som gjennom gode planprosessar har fått eit vern, kan dermed få noko større merksemd og vere ein ressurs i det lokale og regionale utviklingsarbeidet.

Det vart i 2011 løyvt kr 100 000.- i fylkeskommunale midlar til kulturminnevern. Desse midlane er knytt til langsiktige avtaler om skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne. Det er framleis stor interesse for tilskot til kulturminnevern. For 2011 vart det ikkje er løyvd fylkeskommunale midlar for å motivere til eit meir aktivt bygningsvern.

### Kongevegprosjektet

Forprosjekt for «Kongevegen» vart avslutta hausten 2010. Fleire strekningar på Kongevegen over Filefjell har over lang tid vore nytta som turvegar. Tankane bak prosjektet «Kongevegen over Filefjell» er å sjå om det er mogeleg å knyte desse saman til eit samanhengande nett av turvegar frå Lærdalsøyri i Sogn til Øye i Valdres. Visjonen for bruk av Kongevegen er fremje fysisk aktivitet ved istandsettjing og seinare bruk av kulturarven. Deler av vegen skal vere tilgjengeleg for bruk av rullestol.

I 2011 har samarbeidspartane Statens Vegvesen, Vang kommune, Lærdal kommune, Valdres Natur- og kulturpark, Oppland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeidet vidare med framdriftsplan for eit hovudprosjekt. Hovudprosjektet vil bli spelt inn som kandidat til Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram i 2012.

### Kystpilegrim Rogaland – Nidaros

Det er i 2011 lagt grunnlag for eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane og bispedømeråda frå Rogaland til Nidaros. Gjennom eit forprosjekt skal ein avklare og rapportere konkret kva som skal til av

tilretteleggingsarbeid og finansiering for ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Nidaros.

Målet med prosjektet «Kystpilegrim Rogaland-Nidaros» er å kunne etablira Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten, som ein St. Olavs veg og ein Europeisk kulturveg med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader.

### Tilskot til fartøyvern

Til fartøyvern vart det i 2011 løyvd kr. 200 000.- Tilsvarande sum vart løyvd av Riksantikvaren. Det kom inn totalt 6 søknader om tilskot til fartøyvern, med ein samla sum på kr. 1,9 mill. Tilskota for 2011 vart fordelt med kr. 100 000.- på kvar av fartøya M/S Stangfjord og D/S Stavenes. Fartøyvern er eit langsiktig og kostnadskrevjande arbeid som er heilt avhengig av entusiastane og den frivillige dugnadsinnsatsen. Bidraget frå det offentlege vil vere ei oppmuntring og hjelp i arbeidet. dugnadsinnsatsen.

### Musea i Sogn og Fjordane

Musea i Sogn og Fjordane fekk i 2011 eit statleg tilskot på kr. 23,17 mill. Dette vart følgt opp med ei fylkeskommunal løyving på kr. 11,14 mill.

Det ligg store forventningar til den samla museumsaktiviteten i Sogn og Fjordane, ikkje minst i det å vere moderne samfunns-institusjonar med eit breitt engasjement.

Det vart gjennomført plan- og designkonkurranse for fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane.

### Konsolidering av Norsk Kvernsteinsenter under Musea i Sogn og Fjordane

Det vart i mars 2011 inngått ein intensjonsavtale om konsolideringa av Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter under Musea i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen v/kulturavdelinga har leia forhandlingane.

## Midlar til vedlikehaldsarbeid på Kystmuseet

I fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2010, FT sak 75/09, vart det gjort vedtak om å setje av kr. 5,0 mill. kroner til vedlikehaldsarbeid på Kystmuseet sine bygg i Flora. I 2011 vart det løyvd kr.

500.000 frå avsette midlar til eit forprosjekt som skal avklare val av løysningar i arbeidet med å utbetre skadane på betongfundamentet som bygga står på.

## Avtale om fylkessoge

Fylkestinget gjorde i FT sak 54/10 vedtak om utarbeiding av ei fylkessoge for Sogn og Fjordane og sette av kr. 8,00 mill. kroner til arbeidet.

I 2011 vart det inngått avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Høgskulen i Sogn og Fjordane om utarbeiding av ei fylkeshistorie for Sogn og Fjordane. Arbeidet skal gjennomførast som eit forskings- og utviklingsprosjekt. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Musea i Sogn og Fjordane vil vere nære samarbeidspartar i prosjektet.


## 12. ABM Sogn og Fjordane

Frå handlingsprogrammet for 2011 er det to område som har fått stor merksemd. Det første er Europeana Local, som er å gjera lokalt innhald frå Sogn og Fjordane tilgjengeleg til europeisk portal for digitalt ABM -materiale (arkiv bibliotek og museum). Prosjektet vart avslutta i juni 2011. 237 000 digitale objekt frå Sogn og Fjordane og 212 000 frå Møre og Romsdal er gjort tilgjengeleg gjennom europeana.eu.

Det andre området er å samordne og vidareutvikle det digitale tenestetilbodet. Nye nettsider for Fylkesarkivet, Fylkesbiblioteket og Kulturnett Sogn og Fjordane kom på plass i 2011. Gjennom prosjektet «Semantiske teknologiar i kulturformidlinga» har vi saman med Oslo Kommune og Vestlandsforsking som mål å teste ut/ta i bruk opne lenkja data i fotoformidlinga. Prosjektet er delfinansiert av Norsk Kulturråd og har blitt noko forlenga. Forventa avslutning vil bli i april 2012.

Blant faste arbeidsoppgåvene er drift og utvikling av Kulturnett Sogn og Fjordane. ABM Sogn og Fjordane har i tillegg drifta nettsider for Fylkesarkivet, Fylkesbiblioteket, Kulturnett Sogn og Fjordane, Sogn Folkemuseum, Musea i Sogn og Fjordane, Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap, KXG.no og Thingproject.eu.

Etter at Kulturnett Sogn og Fjordane vart relansert i juni 2011 har aktiviteten auka. Skulestova.no er no ein integrert del av Kulturnett Sogn og Fjordane. For skulestova sin del syner tabellen difor berre aktivitet fram til 21. juni 2011. Tenesta Kulturkalenderen har ikkje blitt integrert i ny plattform, og redaksjonelt arbeid og marknadsføring av kalenderen har ikkje blitt prioritert i 2011.



Kulturnett har eigne Facebook-sider og twitter-konto i tillegg til eigen blogg: «Kulturbloggen». Desse vert oppdatert om lag ein gong i veka. Teamet har også hatt forløpende vedlikehald, utlegging og oppdateringar av artiklar på Kulturhistorisk Leksikon.

Kulturbloggen inngjekk i Kulturnett Sogn og Fjordane. Frå oppstart i juni 2011 og ut året kom

det inn 11 blogginnlegg skrivne av leiarar i Kultursektoren. I tillegg var det ein gjestebloggar. Kulturbloggen har som mål å skapa dialog og debatt. Nokre av innlegga har blitt plukka opp av lokale medium, men dei store debattane har lete vente på seg i 2011.

Første kull på Høgskulestudiet «Samfunnsfag med vekt på entreprenørskap og kulturformidling» (10 stp) gjekk ut våren 2011. Av 19 studentar ved oppstart hausten 2010 fullførte 17.

## 13. Tusenårsstaden Gulatingset

Fylkets store tingstad, Gulatingset, er ein av tingstadene som er med EU-prosjektet The THING Project. Med i prosjektet er tingstader fra Island, Færøyane, Shetland, Orknøyane, Nord-Skottland og Isle of Man. Overordna mål er å utveksle kunnskap samt å spesifisere, utvikle og teste nye og forbetra tenester for å drive berekraftig forvalting og verdiskaping av dei nordeuropeiske tingstadene. I det treårige

prosjektet som blir sluttført i 2012, blir m.a. informasjonen om tingstadene formidla via sosiale media som Facebook og Web sider, og det blir utarbeidd felles formidlings-, kommunikasjons- og forvaltingsstrategiar.

Det vart gjennomført plan- og designkonkurranse for formidlingssenter på tusenårsstaden Gulatingset.

## 14. Fylkesbiblioteket

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek er eit service- og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket, og skal medverke til lokal bibliotekutvikling og vere ein viktig aktør i kulturfylket Sogn og Fjordane.

Verksemda ved fylkesbiblioteket blir styrt av «Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014», vedteken i desember 2010. Bibliotekutviklinga blir her delt inn i tre hovudområde; Struktur og organisering, Kompetanse og Innhold og tenester.

### Struktur og organisering

Fylkesbiblioteket arbeider for samarbeid og fellesløysingar på tvers av kommune- og forvaltningsgrenser slik at innbyggjarane i regionen får best moglege bibliotektenester. Dette kjem til uttrykk i samarbeidstiltak som ”Samsøk Sogn og Fjordane” (<http://sf.samsok.no/cgi-bin/samsok-sf>), ein felles søkeinngang til bibliotekbasane i fylket, der til no 23 kommunar, høgskulen og ein del vidaregåande skular er med.

For å betre medieflyten i fylket, og gi lånarane betre tilgang til dei samla biblioteksamlingane, har fylkesbiblioteket i 2011 arbeidd for å etablere ein transportordning mellom biblioteka.

Kravspesifikasjon og anbodsdokument er utarbeidd, vi håpar å få på plass transportordninga i første halvår 2012. Med i samarbeidet er fylkesbiblioteket, 24 kommunar og høgskulen.

For ytterlegare å satse på utvikling av samarbeid mellom biblioteket, har fylkesbiblioteket søkt og fått tilskot frå Nasjonalbiblioteket på kr. 400 000.- til prosjektet ”Saman for framtida”. I prosjektet ynskjer ein å kartleggje mulegheiter for å motivere biblioteka til tettare samarbeid.

I tråd med utgreiinga ”Fylkesbiblioteket si rolle framover” har ein i 2011 fått på plass ei partnarskapsavtale med Førde kommune, der Førde bibliotek tek på seg nokre driftsoppgåver fylkesbiblioteket har hatt (fjernlån, lokalsamling, klasesett), slik at fylkesbiblioteket i større grad kan reindyrke si rolle som utviklingsaktør. Det vart og vedteke at fylkesbiblioteket skulle flytte kontorstad til Storehagen Atrium, saman med

kulturavdelinga, men framleis leige magasin for mobilsamlinga og eit kontor i Førdehuset.

## Kompetanse

Kompetanseheving blant bibliotektilsette er eit anna viktig satsingsområde. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek arrangerte i 2011 ti kurs med til saman 185 deltakarar frå bibliotek- og skulesektoren. Eit kurs i formidlingsteknikk vart støtta av Nasjonalbiblioteket.

Fylkesbiblioteket har gjennomført ei kompetansekartlegging av dei bibliotektilsette i fylket. Med ein svarprosent på 72 har vi eit godt utgangspunkt for å danne oss eit bilet av kompetansen i biblioteka i fylket. Arbeid med å analysere svara er i gong og skal resultere i ein plan for kompetanseutvikling.

## Innhald og tenester

Fylkesbiblioteket brukar nettet aktivt i arbeidet mot brukarane. I samarbeid med ABM Sogn og Fjordane utvikla fylkesbiblioteket ny heimeside ved bruk av den frie programvaren Drupal. Fylkesbiblioteket er også på facebook og twitter, og hadde ved årsskiftet høvesvis 132 og 166 tilhengjarar/folgjarar. Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal har ei felles facebook-side for bokbåten, og denne hadde ved årsskiftet 218 tilhengjarar.

Fylkesbiblioteket har fått tildelt kr. 124 000.- frå Nasjonalbiblioteket til å utarbeide Forfattarvev for Sogn og Fjordane – ei nettside med presentasjon av lokale forfattarar. Denne sida skal vere ferdig til bruk i løpet av 2012.

## 15. Fylkesarkivet

Fylkesarkivet sitt oppdrag er å dokumentere historia til Sogn og Fjordane. Vi skal arbeide for at viktige kjelder til fylket si historie vert tekne vare på, og formidla til alle på ein god måte. Tenestene våre skal i hovudsak vere gratis og opne for alle.

Som ledd i bibliotekutviklingsarbeidet reiser fylkesbiblioteket gjerne ut til biblioteka for rådgjeving og hjelp. I 2011 vitja vi 5 bibliotek, tema har bl.a. vore samarbeid, samlingsutvikling, litteraturformidling, transportordning og nye lokale/oppussing av eksisterande lokale.

Fylkesbiblioteket sende framsyninga ”Den unge Sigrid Undset” ut på turne til 5 kommunar, det var 174 tilskodarar. Turneen var støtta av Norsk kulturråd og Folkeakademiet.

Fylkesbiblioteket lånte i 2011 ut 2 912 (2010: 2 782) bøker og anna materiale til andre bibliotek som fjernlån. 2011 er siste året fylkesbiblioteket sjølv driv fjernlån

Fylkesbiblioteket har ei samling klassesett, med vekt på nynorsk litteratur, og lånte ut 3 786 bøker til skulane, mot 3 019 året før.

Bokbåten reiser ut ein gong i oktober/november, og ein gong i februar/ mars. Kvar tur er på 17 dagar. I 2011 lånte ein ut 13 829 bøker, mot 13 563 året før. Vel halvparten av utlånet var barnebøker. Bokbåten hadde 2 244 personar om bord. (2010: 1 979) Det var 1 758 tilskodarar på 60 kulturarrangement om bord i båten. Bokbåten vitja 17 kommunar og hadde 41 og 39 stopp vår- og haustturane.

Bokbussen vitja 5 kommunar og hadde 21 stopp, som kvart blei besøkt 4 gongar dette halvåret. Bokbussen lånte ut 5 844 bøker i 2011, mot 11 749 i 2010. Drifta vart avslutta 19. mai som følge av Fylkestinget sitt budsjettvedtak i desember 2010.

## Tenester til kommunane

Kommunearkivordninga er eit interkommunalt samarbeid mellom alle 26 kommunar i fylket og fylkesarkivet. Føremålet er å løyse arkivmessige oppgåver for kommunane. I 2011 handsama vi om lag 150 førespurnader som gjeld arkiv vi oppbevarer for kommunane og

fylkeskommunen. Dei fleste kommunane har nytta seg av rådgivingstenestene til kommunearkivordninga i løpet av året.

Vi har og hatt 18 førespurnader om framfinning av dokumentasjon knytt til oppreisningsordninga i Sogn og Fjordane. Det er ei felles ordning i fylket for personar som har vore utsette for omsorgssvikt og/eller overgrep medan dei var under offentleg omsorg.

Fylkesarkivet oppbevarer dei historiske formannskapsarkiva fra 23 av kommunar i fylket. Det er arkiv frå 1837 og fram til om lag 1964. I tillegg har vi fleire av fylkeskommunen sine arkiv. Mykje av ressursane går med til ordning og framfinning i desse sentrale kjeldene. Arkiva inneheld viktig dokumentasjon som både kommunar og privatpersonar.

#### **Foto - musikk - privatarkiv**

Viktige kjelder for fylket sin historie er historiske bilete, tradisjonsmusikk og privatarkiv (lag-/organisasjonsarkiv og bedriftsarkiv)

#### Hydro Årdal: foto- og filmarkiv

Fylkesarkivet har inngått avtale med Norsk Hydro sin avdeling in Årdal, om å avfotografere/digitalisere og tilgjengeleggjere deira samling av bilete og film/video frå bedriftsarkivet.

Det er snakk om fleire tusen bilete og fleire titals filmar av nasjonal betydning. Det er bevart unikt foto og filmmateriale frå 1941 då fabrikken vart bygd og fram til 1980-talet.

#### Musikk: fylkeskappleik og Førdefestivalen

2011 har vore eit hektisk år for musikkarkivaren vår som har reist rundt i fylket og gjort lydopptak og noko videodokumentasjon av ei rekke konserter, festivalar og kappleikar. Musikkarkivaren gjorde lydopptak mellom anna

på Fylkeskappleiken, Vestlandskappleiken og 4 konserter under Førdefestivalen 2011. Utøvarar og lydopptak har deretter blitt registrerte i Fylkesarkivet sine databasar. Lytteprøver et gjort tilgjengeleg på Internett.

#### 50 arkiv frå lag og bedrifter er sikra

Fylkesarkivet tok imot meir enn 50 nye privatarkiv i 2011. Arkiva inneheld variert samfunnsdokumentasjon frå organisasjoner, verksemder, institusjonar og einskildpersonar. Det er verdt å trekke fram to store bedriftsarkiv som kom inn. Arkiva frå hermetikkprodusenten Firda Canning i Måløy og elektrisitetsleverandøren Ytre Fjordane Kraftlag i Florø sikrar at kjeldemateriale frå hovesvis fiskeindustri og kraftforsyning vert tekne vare på for ettertida.

#### **EU-prosjekt: EuropeanaLocal**

EuropeanaLocal-prosjektet vart avslutta 1. juni 2011. Det var eit ”beste praksis”-nettverk finansiert under EU sitt eContentPlus-program. Prosjektet hadde som målsetjing å gjere digitalt innhald frå lokale og regionale arkiv, bibliotek og museum tilgjengelege i ein stor felles database for kultur: <http://europeana.org>. EuropeanaLocal omfatta 32 prosjektpartnarar frå 27 land. Prosjektet fekk i sluttevalueringa svært gode skussmål. Resultatet for Sogn og Fjordane sin del, er at de no ligg 192.000 kulturhistoriske datapostar tilgjengeleg for alle i denne tenesta.

Som ein av koordinatorane for prosjektet har Fylkesarkivet fått tilgang til eit viktig europeisk nettverk av kulturarvs-institusjonar.

## 16. Fylkessenteret for musikkterapi (FSMT)

FSMT har hatt eit innhaldsrikt år med mange arbeidsoppgåver. Gjennom kurs, prosjekt, direkte arbeid ute i kommunar, større konferansar, førelesingar, nettverk og kulturfestival for utviklingshemma freistar fylkeskommunen å setje på dagsorden kulturlova sitt fokus på at alle skal ha rett til å delta på kulturaktivitetar og oppleva mangfald.

Nyare forsking viser til isolasjon og lite aktivitet kan føre til auka fare for depresjon og psykiske lidingar. Kultur er ein ressurs for einskildmenneske og for eit lokalsamfunn.

FSMT ynskjer å setje fokus på auka deltaking og tilrettelagt kultur tilbod for alle for auka trivsel, livskvalitet og førebygging.

Med bakgrunn frå fylkeskommunen sin kulturstrategi har fylkessenteret to satsingsprosjekt; Kultur og eldre (2008 - 2011) og MOSAIK - helsefremjande kulturtildot for flyktingar og asylsøkjarar (2010 - 2013)

Prosjekta har fokus på kompetanseheving, utviklingsarbeid og forsking. Dette føreset samarbeid med ulike institusjonar.

### Kultur og eldre- prosjektet (2008 – 2011)

 Prosjektet er eit tverrfagleg treårig prosjekt 2008 – 2011. Prosjektet handlar om heilskapstenking rundt helse hjå eldre med fokus på samanhengen mellom kulturelt engasjement og helsetilstand. Prosjektet tek utgangspunkt i forståinga at kulturelt engasjement gir betre helse.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Førde kommune (Førde Helsetun / Undervisningssjukeheim / Kulturskulen), Sogn og Fjordane fylkeskommune ( v/ fylkessenter for musikkterapi (FSMT) / folkehelse) og Høgskulen i Sogn og Fjordane avd. helsefag. Førde kommune er prosjekteigar og oppdragsgjevar. FSMT og Kultur og eldrepiprosjektet er knytt opp mot to forskningsprosjekt.

Førde Seniorkor er eit av tiltaka knytt til satsinga. Det er 4. året Førde Seniorkor har vore i drift, etter starten i januar 2008. Pr. 31.12.2011 var det 77medlemmar.

### Musikkterapi på asylmottak (2009 – 2013) - MOSAIKK

FSMT og er no godt i gang med MOSAIK. som starta 1.8.2010

Mange flyktingar kjem til Sogn og Fjordane. Pr 1.1.2011 var det 4 mottak i fylket. Vanskelige og til dels traumatiske opplevingar tidlegare i livet, i kombinasjon med ein krevjande kvardag på asylmottak kan gje utslag i ulike psykiske helseproblem.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å rette kulturtildot for asylsøkjarar og innvandrarar i fylket. Prosjektet tek utgangspunkt i at kultur gir helse. Konkret består prosjektet av å inkludere musikk / musikkterapi som ein del av det psykososiale tilbodet på asylmottaka.

I forprosjektet arbeidde FSMT på tre asylmottak her i fylket: Sogndal, Førde og Florø. Kvar av mottaka hadde tre grupper. (Sjå nedanfor). Prosjektleiar arbeidde 60 % fram til august og arbeider 40 % etter august som musikkterapeut med prosjektet. Stillinga er finansiert med eksterne midlar deriblant gjennom Vardar for folkehelse (folkehelse og livsutfaldning), kommunane som er med i prosjektet og Sparebanken Sogn og Fjordane.

### Direkte/klinisk arbeid

FSMT har arbeidd praktisk/klinisk. Kommunar, institusjonar og organisasjonar har tatt kontakt med FSMT for å få musikkterapi i grupper eller individuelt. Vi har arbeidd innan menneske med spesielle behov, eldreomsorg, rehabilitering, musikk med born. Nedanfor er noko av det direkte arbeid som er gjort i 2011:

- Førde Seniorkor (kultur- og eldrepiprosjektet)
- Førde tilsettekor (kultur- og eldrepiprosjektet)
- "Ferie for alle". Sogn og Fjordane Røde kors

- NFU Sogn og Fjordane familiehelg
- Sogn og Fjordane Kulturfestival for utviklingshemma
- Individuell musikkterapi på sjukeheim
- Kurs i bruk av musikk eldremørsorga i Flora kommune.

## **Nettverk**

FSMT samarbeider med utdanningsinstitusjonar, interesseorganisasjonar og kommunar. For å arbeide med prosjektarbeid, utviklingsarbeid, initiere forsking er det viktig med gode samarbeidspartar med god kompetanse på fagfeltet.

Følgjande samarbeidspartar er etablert:

- Nordisk Nettverk for Musikk og Eldre ( Unifob /GAMU
- Sogn og Fjordane Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester)
- Universitetet i Bergen, Griegakademiet, og Sogn og Fjordane NFU.
- Samarbeidsavtale med Flora kommune
- Nettverk for miljøbehandling I demensomsorg i Sogn og Fjordane. Olaviken
- Norsk foreining for utviklingshemma
- Sogn og Fjordane Musikkterapiforum
- Forskningsnettverk for psykisk helse og rus
- Nettverk folkehelse i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
Telefaks: 57 65 61 01  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framside: UKM 2012  
Fotograf: Martin Andreas Aasen Vikesland